

Møteinnkalling

Møtedato: 05.11.2014
Møtestad: Stryn kommunehus, møterom 3042
Møtetid: Kl. 10:45

Innkalling: Faste medlemar i utvalet, rådmannen i sakene 030-031/14, og revisor i sakene 030-032/14.

Dersom du ikkje kan møte: Meld frå på e-post: arva@sekom.no
Varamedlemar møter etter nærare innkalling.

Sakliste

Sak nr.	Saktittel
028/14	Godkjenning av innkalling og sakliste
029/14	Skriv og meldingar
030/14	Forvaltningsrevisjon - Bekymringsmeldingar i barnevernet
031/14	Undersøking av brutto driftsutgifter til tiltak per barn med tiltak
032/14	Orientering om rekneskapsrevisjon for 2014
033/14	Oppfølgingsliste 5-2014
034/14	Eventuelt

Med helsing

Rune Myklebust
Leiar

SEKOM-sekretariat

Saksgang Stryn kontrollutval	Møtedato 05.11.2014	Saksnr 028/14
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 14/274
---	----------------------	-------------------------------

Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Innkalling og sakliste vert godkjent.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Stryn kontrollutval	Møtedato 05.11.2014	Saksnr 029/14
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-033	Arkivsaknr.: 14/265
---	-------------------------	-------------------------------

Skriv og meldingar

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
27.10.2014	Sak KS 050/14 Nordfjord Havn IKS - Endring i vedtekt, handsama i kommunestyret 25.9.2014	694
27.10.2014	Sak KS 052/14 Budsjettregulering 1-2014, handsama i kommunestyret 25.9.2014	695

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Skriv og meldingar vert teke til orientering.



STRYN KOMMUNE

MØTEBOK

SAK	ORGAN	MØTEDATO
FO 116/14	Formannskapet	28.08.2014
KS 050/14	Kommunestyret	25.09.2014

Avgjerd av: Kommunestyret

Ref: 09/1770 -39

Ark. 033 P00

Sakshandsamar: Randi Rørvik Lillestøl

Nordfjord Havn IKS - Endring i vedtekt

Presentasjon:

Nordfjord Hamn IKS ber om at eigarkommunane endrar låneramma som dei står som garantist for i høve eigarandel. Det vert foreslått å gå vekk i frå eit fast beløp og i staden garantere for ei låneramme basert på utviklinga i omsetning. Søknad, gjeldande vedtekter og rekneskap/årsrapport 2013 ligg ved.

Lovgrunnlag, reglar, føresegner, plandokument:

Kommunelova

Lov om interkommunale selskaper

Økonomireglement

Aktuelt sakstilfang:

Vedlagt saka:

- Søknad om utviding av Nordfjord Hamn IKS låneramme
- Selskapsavtale og vedtekt for Nordfjord Havnevesen IKS pr. 25.09.2001
- Innlegg av Havnerådsleiar Nils Myklebust

Saksopplysningar:

I eksisterande vedtekter garanterer eigarkommunane for ei låneramme på i utgangspunktet 90 mill. som er indeksregulert sidan 2002 og er no 111 mill. etter indeksregulering. Dagens låneopptak er på ca. 95 mill. Dei eksisterande vedtektene tek berre omsyn til konsumprisindeksen, dei tar ikkje høgde for at ved utbyggingar og auka omsetning vil ha innverknad på det økonomiske handlingsrommet som admin, styre og hamneråd har til rådvelde. Det som blei vedteke i 2001/2002 utgjorde ca. 10 gonger omsetninga, men i dag tilsvara dette berre 6 gonger omsetninga.

Det er derfor ønskjeleg at låneramma vert knytt opp i mot 10 gonger gjennomsnittleg omsetning siste 3 år. På denne måten vil ein kunne tilpasse låneramma auka aktivitet utan å måtte gå på eigarkommunane for nye prosjekt.

Havna foreslår følgjande § 6-4 Havnekassens forvaltning, låneopptak og garantistillelse:

«Innafor dei økonomiske rammer og økonomiplanen som er vedteken av hamnerådet, avgjer hamnestyret korleis hamnekassa sine midlar skal forvalta, og tek avgjerd om plassering av midlane, samt om utleige og eventuelt feste av eigedomar NH eig eller disponera.

Lånegjeld til investeringar i samsvar med økonomiplan og økonomiske rammer fastsett av hamnerådet, vert gjort vedtak om av hamnestyret. Dei samarbeidande kommunane gjev hamnestyret fullmakt til å ta opp lån til kapitalformål, likviditetsformål og refinansiering innafor ei samla låneramme som er 10 gonger gjennomsnittleg omsetning rekna av dei 3 siste åra. Vedtak om opptak av lån skal godkjennast av Fylkesmannen i medhald av § 22 i Lov om Interkommunale selskaper av 1999.01.29

Etter hamnerådet sine nærare vedtak kan hamnestyret stå føre pantsetjing og avhending av hamnekassa sine eigedomar og innretningar.

Hamnevesenet kan ikkje stille garanti eller pantsette sine eigendelar til sikring av kan ikkje stille garanti eller pantsette sine eigendelar til sikring av andre sine økonomiske ansvar. Hamnevesenet kan ikkje sjølv låne ut pangar.

Dersom det vert kravd stilt garanti frå dei samarbeidande kommunar, må dette vedtakast av dei respektive kommunestyra. Den einskilde kommune garanterer i slike tilfelle for ein del av lånet som svarer til kommunen sin eigardel.»

Forslaget inneber at ein tek bort ifrå vedtektene § 6-4:

«Låneramma skal indeksregulerast kvart år i samsvar med SSB sin konsumindeks og avundast til nærmaste 10.000- kr»

Til fordel for:

«Selskapets låneramme aukast til ti gonger gjennomsnittleg omsetning av siste tre års rekneskap»

Omsetninga 3 siste åra har vore:

2011 Kr. 14,9 mil.

2012 Kr. 16,8 mil.

2013 Kr 17,2 mil

Dette vil gje ei låneramme på 163 mill. Hamna låner til same vilkår som kommunane i ma Kommunalbanken.

I medhald til vedtekter § 8-3, føreset endringa likelydande vedtak i alle eigarkommunane. Dei andre eigarkommunane er Vågsøy med 48 % eigardel, Gloppen, Eid og Selje med tilsvarande eigardel som Stryn, 13 %.

Vurdering:

Stryn kommune har ein eigardel på 13 % av Nordfjord Hamn IKS. I Stryn kommune sitt rekneskap for 2013 står følgjande om Nordfjord Hamn IKS: «Gjennom kommunen sin 13 % eigardel i Nordfjord Havn IKS, heftar kommunen, i følgje lov om interkommunale selskap, for ein tilsvarande del av selskapet sine plikter. Selskapet sine kreditorar må først gjere sitt krav gjeldande overfor selskapet. Sannsynligheta for at kommunen må innfri selskapet sine plikter vert vurdert å være liten.»

Gjennom eigardelen og garantiansvar på 13 % vil Stryn kommune sitt ansvar auke til 13 % av 163 mill (mot tidlegare 13 % av 111 mill), dvs. eit garantiansvar på kr. 21.190.000,-.

På grunn av auka aktivitet og inntekter som konsekvens av investeringar er det naturleg å auke låneramma til ei somme som er skissert på 10 gonger inntekta gjennomsnittleg omsetning rekna av dei 3 siste år (2011-2013). Dette vil både bidra til vidare vekst og sikre ei grense mot kva selskapet vil kunne forsvare økonomisk. Årsrapporten for 2013 viser eit godt resultat og selskapet har hatt god utvikling.

Omfang av omsetning har liten samanheng med beteningsevne for gjeld. Det kan dermed stillast spørsmålsteikn ved å bruke denne måten til å sette ei ramme for lånegjelda.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Stryn kommune godkjenner for sin del at låneramma blir endra til 10 gangar omsetninga dei siste 3 år, 163 million. Opptak av lån skal godkjennast av Fylkesmannen i medhald av § 22 i Lov om Interkommunale selskaper av 1999.01.29.

Endring i vedtektene § 6-4:

«Låneramma skal indeksregulerast kvart år i samsvar med SSB sin konsumindeks og avundast til nærmaste 10.000- kr»

Blir erstatta med:

«Selskapets låneramme aukast til ti gonger gjennomsnittleg omsetning av siste tre års rekneskap»

Handsaming i Formannskapet 28.08.2014.

FO-116/14 Vedtak:

Rådmannen sitt framlegg samrøystes tilrådd.

Handsaming i Kommunestyret 25.09.2014.

KS-050/14 Vedtak:

Formannskapet sitt framlegg samrøystes vedteke.

Sign.

Per Kristian Storevik
- sekr.-

Utskrift av endeleg vedtak vert sendt til:
Nordfjord Hamn IKS
Selje, Vågsøy, Gloppen og Eid kommunar



STRYN KOMMUNE

MØTEBOK

SAK	ORGAN	MØTEDATO
FO 119/14	Formannskapet	28.08.2014
KS 052/14	Kommunestyret	25.09.2014

Avgjerd av: Kommunestyret

Ref: 13/674 -28

Ark. 145

Sakshandsamar: Randi Rørvik Lillestøl

Budsjettregulering I - 2014

Presentasjon:

Kommunebudsjettet blir gjennom året påverka av tilhøve som ikkje alltid er like føreseielege. Dette fører til behov for endringar og korrigeringar i høve til budsjettet som vart vedteke i desember 2013.

Når kommunen er kjend med at det oppstår ubalanse i økonomien, pliktar ein til å justere budsjettet gjennom tiltak av økonomisk eller av ein annan karakter. Regelen er at faren for eit overforbruk skal føreseiast og gjerast til gjenstand for politisk drøfting og ev tiltak før ei overskriding er eit faktum.

Lovgrunnlag, reglar, føresegner, plandokument:

- Kommunelova med føresegner
- Økonomireglement for Stryn kommune

Aktuelt sakstilfang:

Vedlagt saka:

- Rekneskapsrapport 1. tertial Stryn kommune.

Saksopplysningar:

Som presentert i rekneskapsrapport 1. tertial 2014, KS sak 042/14, den 26.06.2014, har Stryn kommune ei kjend underdekning på budsjettet 2014 på kr. 3.191.000,-. Av dette utgjer kr. 3.020.000,- i redusert inntekt på grunn av endringar i inntektssystemet til skatt og rammeoverføringar.

Tabellen under viser underdekninga i budsjettet som presentert i rekneskapsrapporten.

	Opphavleg budsjett	Auka utgift/ Redusert inntekt	Redusert utgift/ Auka inntekt	Revidert budsjett
Rammetilskot og skatt	379.462.000	3.020.000		376.442.000
Ansvar 1170 Leige av lokale	0	171.000		171.000
Prosjekt 1: Ansvar 3119 Feilføring i budsjett på løn til reinhald ved Vikane omsorgssenter Bruk av disposisjonsfond	0	1.299.500	1.299.500	1.299.500
Prosjekt 2: Ansvar 3124 ekstraordinært tiltak overfor ein ny brukar Bruk av disposisjonsfond	0	1.222.000	1.222.000	1.222.000
Kyrkjelege fellesråd Stryn (eksl. tenesteyting kr.306.700,-)	4.020.400	X		X
Sum		5.712.500	2.521.000	
Underdekning		3.191.000*		

*Jfr. det som er sagt om fellesrådet sitt budsjett ovanfor.

Når det gjeld Kyrkjelege fellesråd Stryn, har vi ikkje mottatt noko tal når det gjeld underskotet i deira budsjettet 2014.

Det har no blitt føreteke ein ekstra gjennomgang av budsjett 2014 mot rekneskap hittil i år, og på bakgrunn av dette har ein funne fram til postar som kan reduserast.

Dette har gitt følgjane forslag til reduksjon i budsjettet pr. etat:

Skule- og kulturetaten	363.000,-
Helse- og sosialetaten	0,-
Teknisk sektor	0,-

Dette gjer at vi no sit igjen med ei underdekning på kr. 2.828.000,- for budsjettet 2014.

Vurdering:

Stryn kommune har vert igjennom fleire rundar med kutt dei siste åra. Det største i prosjekt omstilling 2013, som har vist seg å gjort god effekt. Organisasjonen har gjennom mange år vist god budsjettdisiplin og respekt for dei politiske budsjettvedtaka. Endringar i inntektssystemet er noko som vi ikkje kan verken forutsjå eller påverke.

Ideelt sett burde ein ta verknadane av redusert inntekt ved å redusere kostandane tilsvarande med ein gang. Men på bakgrunn av at vi har kome så langt ut på året og har så få månadar igjen på å redusere budsjettet så vel vi og gjer dette på denne måten for budsjettet 2014. Verknadane av redusert inntekt på innarbeidast i ØPL 2015-18 og på denne måten få ein betre vurdering og gjennomgang.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med utgangspunkt i tertialrapport og endringar i sentrale rammevilkår blir det følgjande budsjettregulering:

Rammetilskot og skatt:	reduserast med kr. 3.020.000,-
Ramme bygg- og eigedom:	aukast med kr. 171.000,-
Ramme skule- og kulturetaten:	reduserast med kr. 363.000,-
Disposisjonsfond:	belastast kr. 2.828.000,-

Handsaming i Formannskapet 28.08.2014.

FO-119/14 Vedtak:

Rådmannen sitt framlegg samrøystes tilrådd.

Handsaming i Kommunestyret 25.09.2014.

KS-052/14 Vedtak:

Formannskapet sitt framlegg samrøystes vedteke.

Sign.

Per Kristian Storevik
- sekr.-

Utskrift av endeleg vedtak vert sendt til:

Økonomiavdeling, her
Helse-og sosialetaten
Skule-og kultureteaten
Teknisk etat.
Revisor

SEKOM-sekretariat

Saksgang Stryn kontrollutval	Møtedato 05.11.2014	Saksnr 030/14
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-033	Arkivsaknr.: 14/107
---	-------------------------	-------------------------------

Forvaltningsrevisjon - Bekymringsmeldingar i barnevernet

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
24.10.2014	2 5-02-025-Bekymringsmeldingar i barnevernet - 06102014.pdf	680

Tilråding:

(Kontrollutvalet tilrår til kommunestyret).

Kontrollutvalet viser til forvaltningsrevisjonsrapport «Bekymringsmeldingar i barnevernet – Stryn kommune» datert 16.10.2014, og sender rapporten over til kommunestyret for handsaming med følgjande tilråding om vedtak:

Kommunestyret tek forvaltningsrevisjonsrapport «Bekymringsmeldingar i barnevernet – Stryn kommune» datert 16.10.2014 til orientering, og ber rådmannen ta tilrådingane frå revisor med seg i det vidare arbeidet for å utvikle eit endå betre system og rutinar for bekymringsmeldingar i barnevernet.

Rådmannen vil innan 1.7.2015 informere kontrollutvalet om kva som er gjort i forhold til tilrådingane i rapporten.

Saksutgreiing:

Tinging av forvaltningsrevisjonsprosjekt «Bekymringsmeldingar i barnevernet» vart handsama i kontrollutvalet 8.5.2014, sak 18/14.

Prosjektplan vart godkjent i sak 023/14 i kontrollutvalet 30.9.2014.

Kommunerevisjonen i Nordfjord v/Gunnar Ryste sende over ferdig forvaltningsrevisjonsrapport til SEKOM-sekretariat 16.10.2014.

Revisor kjem med følgjande konklusjon og tilråding på side 5 i rapporten:

Konklusjon

Det er organisert system med rutinar som ivaretek nasjonalt regelverk og tilrådd praksis.

Vi har sett døme på

- Brot på prosedyre i samband med oppretting av ny melding på individnivå
- Manglande prosedyre for opplysningsplikt til barnevernet frå helsepersonell og tilsette i skular og barnehagar

Det første punktet (brot på prosedyre) vart fanga opp av eit fungerande kontrollsystem og retta opp. Det andre punktet (manglande prosedyre) er lovt retta opp i løpet av hausten.

Tilråding

- Følgjande punkt bør innarbeidast i rutinane i KvalitetsLosen:
 - ✓ Kriterium for når det skal opprettast ny melding
 - ✓ Lovbestemt frist på tre veker for tilbakemelding til meldar
 - ✓ Departementet si tilråding om oppbevaring av bortlagte meldingar i fem år
 - ✓ Skilnad i rett til anonymitet for private og offentlege meldarar
- Å ha auka fokus på og oppfølging av dei meldingsinstansane som har eit vedvarande lågare nivå på melde bekymringar enn forventa.



Kommunerevisjonen
i Nordfjord

Rapport forvaltningsrevisjon

Bekymringsmeldingar i barnevernet
- Stryn kommune -

Rapport nr.
2.5-02-025

2014



FORORD

Denne forvaltningsrevisjonsrapporten er gjennomført etter bestilling frå kontrollutvalet.

Prosjektet er gjennomført i samsvar med standard for forvaltningsrevisjon.

Revisjonen har vurdert eigen ubundenskap i høve krav stilt i forskrift for revisjon i kommunane. Vi kjenner ikkje til forhold som er egna til å svekke tilliten til vår uavhengigheit og objektivitet.

Rapporten har vore sendt rådmannen til uttale og hans kommentarar er vedlagt.

Vi vil takke administrasjonen for godt samarbeid, og vil spesielt nemne at snarleg tilbakemelding har vore til stor hjelp for å få prosjektet gjennomført på ein effektiv måte.

Gloppen, den 16. oktober 2014

Markvard Sunde /s/
Revisjonssjef

Gunnar Ryste /s/
Revisjonskonsulent

”Arbeid med å styrke et barns omsorgssituasjon krever mot

Til å tørre å se – det man ikke ønsker å se

Til å ta tak i noe – som er vanskelig

Til å gå inn i ubehaget – og til å være der

Til å hjelpe andre – selv de som ikke vil ha hjelp

Til å være ydmyk – og vise respekt

For alle mennesker – men ikke alle handlinger

Til å tro på egen kompetanse – og andres

Til å handle sammen – både fort og langsomt

Til å tro på at det nytter – å bry seg om – og med

Til alltid å se – barnets beste”

Diktet er henta frå boka «Dørstokkmila. Barnehagens vei fra magefølelse til melding» av Åse Bratterud og Kari Emilsen.

Innhald

<i>Revisjonens oppsummering.....</i>	<i>5</i>
<i>Innleiing.....</i>	<i>6</i>
<i>Generelt om bekymringsmeldingar i barnevernet.....</i>	<i>8</i>
Om barnevernet	8
Om bekymringsmeldingar	9
<i>Problemstilling 1: Har barneverntenesta i Stryn kommune organisert rutinar som ivaretek nasjonalt regelverk som gjeld bekymringsmeldingar?.....</i>	<i>12</i>
Revisjonskriterium	12
Innhenta data	13
Vurdering.....	16
Konklusjon	17
Tilråding.....	17
<i>Problemstilling 2: Er det etablert samhandlingsrutinar mellom barneverntenesta og andre delar av det offentlege tenestetilbodet for barn og unge i Stryn kommune?.....</i>	<i>17</i>
Revisjonskriterium	17
Innhenta data	17
Vurdering.....	18
Konklusjon	18
Tilråding.....	18
<i>Problemstilling 3: Har Stryn kommune innført avviksmeldingar og avvikshandtering i sitt internkontrollarbeid innanfor barnevernet?.....</i>	<i>19</i>
Revisjonskriterium	19
Innhenta data	19
Vurdering.....	19
Konklusjon	19
Tilråding.....	19
<i>Problemstilling 4: Korleis er barneverntenesta sin kompetanse og kapasitet samanlikna med andre kommunar?</i>	<i>20</i>
Revisjonskriterium	20
Innhenta data	20
Vurdering.....	22
Konklusjon	22
Tilråding.....	22
<i>Vedlegg</i>	<i>23</i>
Lover på området	23
<i>Referansar.....</i>	<i>24</i>
<i>Høyring.....</i>	<i>25</i>
Høringsuttale frå administrasjonen.....	25

Figurar:

Figur 1: Saksgangen i barnevernet	8
Figur 2: Meldings- og opplysningsplikt til barnevernet i særlovgivinga.....	9

Tabellar:

Tabell 1: Meldingsinstansar - utvikling og status.....	10
Tabell 2: Mottekne meldingar i Stryn kommune (2010-2013). Kjelde: Stryn kommune	13
Tabell 3: Bekymringsmeldingar etter bortlegging og fristoverskriding i Nordfjord	14

Diagram:

Diagram 1: Bekymringsmeldingar etter aldersgruppe, kjelde: SSB	10
Diagram 2: Bekymringsmeldingar etter innhald, kjelde: SSB	11
Diagram 3: Bekymringsmeldingar etter innhald og alder i 2012, kjelde: SSB.....	11
Diagram 4: Tal på årsverk per innbyggjarar 0-17 år, 2010 - 2013. Kjelde: Kostra	21
Diagram 5: Tal på barn med undersøking eller tiltak per stilling, 2010 - 2013. Kjelde Kostra	21

Revisjonens oppsummering

Denne revisjonen er gjennomført etter tinging frå kontrollutvalet. Formålet er opplyst å vere at dei styrande organ i Stryn kommune ynskjer ei vurdering av om handsaminga av bekymringsmeldingar i barnevernet er tilfredsstillande.

Hovudproblemstillinga i tingsdokumentet er:

I kva grad har Stryn kommune gode system for bekymringsmeldingar i barnevernet?

Vi har valt å dele hovudproblemstillinga inn i følgjande delproblem:

1. Har barneverntenesta i Stryn kommune organisert rutinar som ivaretek nasjonalt regelverk som gjeld bekymringsmeldingar?
2. Er det etablert samhandlingsrutinar mellom barneverntenesta og andre delar av det offentlege tenestetilbodet for barn og unge i Stryn kommune?
3. Har Stryn kommune innført avviksmeldingar og avvikshandtering i sitt internkontrollarbeid innanfor barnevernet?
4. Korleis er barneverntenesta sin kompetanse og kapasitet samanlikna med andre kommunar?

Rapporten har vore sendt rådmannen til uttale, og uttalen er kopiert inn bak i rapporten (side 25).

Konklusjon

Det er organisert system med rutinar som ivaretek nasjonalt regelverk og tilrådd praksis.

Vi har sett døme på

- Brot på prosedyre i samband med oppretting av ny melding på individnivå
- Manglande prosedyre for opplysningsplikt til barnevernet frå helsepersonell og tilsette i skular og barnehagar

Det første punktet (brot på prosedyre) vart fanga opp av eit fungerande kontrollsystem og retta opp. Det andre punktet (manglande prosedyre) er lovt retta opp i løpet av hausten.

Tilråding

- Følgjande punkt bør innarbeidast i rutinane i KvalitetsLosen:
 - ✓ Kriterium for når det skal opprettast ny melding
 - ✓ Lovbestemt frist på tre veker for tilbakemelding til melder
 - ✓ Departementet si tilråding om oppbevaring av bortlagte meldingar i fem år
 - ✓ Skilnad i rett til anonymitet for private og offentlege melderar
- Å ha auka fokus på og oppfølging av dei meldingsinstansane som har eit vedvarande lågare nivå på melde bekymringar enn forventa.

Innleiing

Den 7. november 2012 vedtok kommunestyret i Stryn «Plan for forvaltningsrevisjon» for valperioden 2012 – 2015 (sak 078/12). Med bakgrunn i denne planen tinga kontrollutvalet i Stryn prosjektet «Bekymringsmeldingar i barnevernet» frå kommunerevisjonen, jf. sak 012/14. Rammene for gjennomføringa av prosjektet går fram av følgjande punkt:

a) Bakgrunn og målsetting for prosjektet

I «Overordna analyse for Stryn kommune 2011 – 2012»¹ ønskte 46% av respondentane i ei spørjeundersøking å sjå nærmare på bekymringsmeldingar i barnevernet.

I følgje tingingsdokumentet frå kontrollutvalet ønskjer dei styrande organ i Stryn kommune ei vurdering av om handsaminga av bekymringsmeldingar i barnevernet er tilfredsstillande. I same dokument er den overordna problemstillinga avgrensa til:

I kva grad har Stryn kommune gode system for bekymringsmeldingar i barnevernet?

b) Problemstillingar

Kommunerevisjonen har operasjonalisert denne problemstillinga på følgjande måte:

5. Har barneverntenesta i Stryn kommune organisert rutinar som ivaretek nasjonalt regelverk som gjeld bekymringsmeldingar?
6. Er det etablert samhandlingsrutinar mellom barneverntenesta og andre delar av det offentlege tenestetilbodet for barn og unge i Stryn kommune?
7. Har Stryn kommune innført avviksmeldingar og avvikshandtering i sitt internkontrollarbeid innanfor barnevernet?
8. Korleis er barneverntenesta sin kompetanse og kapasitet samanlikna med andre kommunar?

c) Revisjonskriterium

For å kunne svare på problemstillingane må kommunen sine etablerte rutinar innanfor barnevernet målast opp mot anerkjente kriterium (kjennermerke) for kva som reknast som god praksis. Det ligg føre både rutinehandbøker, rettleiarar og rapportar som kan sjåast på som kvalifiserte tilrådingar til god praksis. I andre høve skal praksis vere i samsvar med lov og forskrift på området.

Problemstilling 4 vil bli vurdert opp mot KOSTRA-indikatorar og nokre sentrale høyringsuttaler i samband med «ny» barnvernlov av 2013. Desse uttalene er neppe å sjå på som autoritative kjelder, men gir eit godt bilete på korleis sentrale aktørar innanfor fagfeltet ser på utfordringane innanfor kapasitet og kompetanse.

Følgjande kjeldetilfang er brukt som grunnlag for val av vurderingskriterium:

Lovverk

- Lov om barneverntjenester av 17. juli 1992 nr. 100 (bvl.)

Interne dokument/informasjon

- Rutinar/prosedyrar i KvalitetsLosen

¹ I følgje § 10, 2. ledd i «Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner» skal «Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon» i valperioden basere seg på ei overordna analyse av kommunens verksemd med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon innanfor kommunens forskjellige sektorar og aktivitetsområde.

Eksterne dokument/informasjon

- Rutinehåndbok for barneverntjenesten i kommunene
- Rådmannens internkontroll – orden i eget hus (KS)
- Internkontroll i barneverntjenesten i kommunene
- Barnevernet i Norge (NOU 2000-12)
- Departementalt skriv av 05.07.2010
- Diverse høyringsuttaler i samband med ny barnevernlov
- BUFs heimeside (Barnevernet.no)

d) Revisjonsmetode

Undersøkinga er basert på informasjon innhenta frå fleire ulike kjelder og med ulike metodar; samtale med rådmann, helse- og omsorgssjef og barnevernleiar, skriftleg svarbrev frå barnevernleiar på 16 spørsmål frå kommunerevisjonen, gjennomgang av årsrapport for helse- og sosial-sektoren, samt annan relevant styringsinformasjon og eksterne statistikkdata.

Undersøkinga er gjennomført i tidsperioden før og etter sommaren 2014. Då vi har nytta skriftleg fakta-informasjon, har det ikkje vore naudsynt med verifisering av dei faktaopplysningane som er presentert i rapporten.

Førebels rapport blei sendt til administrasjonen for uttale 03.10.2014. Høyringsuttale datert 14.10.2014 ligg ved denne rapporten under kapittelet «Høyring» (side 25).

e) Avgrensingar

Prosjektet er avgrensa til systemnivå og har fokus på kommunens *styringssystem*. Kommunerevisjonen har avgrensa prosjektet på følgjande måte:

- Undersøkinga vert avgrensa til perioden frå og med 2010 til og med 2013.
- Faglege avgjerdsprosessar i barnevernet vert ikkje vurdert.
- Observasjonane som ligg til grunn for mottekne bekymringsmeldingar vert ikkje vurdert.
- Praksis hos meldingsinstansane vert ikkje omhandla ut over samhandlingsrutinar mellom meldingsinstans og barneverntenesta.
- Undersøkingssaker som vert starta på grunnlag av bekymringsmeldingar vert ikkje omhandla.

Generelt om bekymringsmeldingar i barnevernet


Om barnevernet

Barnevernets hovudoppgåve er å sikre naudsynt hjelp og omsorg til rett tid for barn og unge som lever under forhold som kan skade helse og utvikling.²

Barnevernet er i stor grad organisert som et mottakarsystem, og er derfor avhengig av kommuniserte bekymringar frå andre hjelpeinstansar og nettverk kring barnet for å kunne utføre si hovudoppgåve på ein tilfredsstillande måte.

Figuren under illustrerer saksgangen i barnevernet, som skjematisk kan delast inn i følgjande fasar:

- Meldingsfase
- Undersøkjingsfase
- Tiltaksfase



Figur 1: Saksgangen i barnevernet³

² Barnevernlova § 1-1.

Denne rapporten omhandlar berre den delen av saksgangen som gjeld bekymringsmeldingar (frå mottak og til saken anten vert lagt bort eller undersøking vert sett i gang – fargelagt i figuren over).

Om bekymringsmeldingar

Lovgjevar har sett det naudsynt å pålegge ei rekke instansar plikt til å melde frå til barnevernet når desse har «grunn til å tro at et barn blir mishandlet i hjemmet eller utsatt for andre former for omsorgssvikt, eller når et barn har vist vedvarende alvorlige atferdsvansker».⁴

I tabellen under er det vist til fleire særlover som har lovregulert melde- og opplysningsplikt til barneverntenesta.

Dei refererte reglane om melde- og opplysningsplikt til barnevernet løyser vedkomande instans/aktør frå den profesjonsbaserte og forvaltningsmessige teieplikta.

Lovregulering på området	Tema
Barnehageloven § 22	Melde- og opplysningsplikt til barneverntenesta om mistanke om alvorleg omsorgssvikt eller ved alvorlige atferdsvanskar over tid.
Opplæringslova § 15-3	
Helsepersonelloven § 33	
Ekteskapsloven § 26 a.	
Folketrygdloven § 25-11	
Sosialtjenesteloven § 45	
Krisesenterlova § 6	
Privatskolelova § 7-4	
Introduksjonsloven § 26	
Familievernkontorloven § 10	

Figur 2: Meldings- og opplysningsplikt til barnevernet i særlovgivinga

Populasjonen i barnevernstatistikken er barn inntil 23 år (jf. barnevernlova § 1-3) med undersøking og/eller tiltak. Den einskilde kommune rapporterer om utviklinga i bekymringsmeldingar til Fylkesmannen, men desse kommunetala er ikkje ein del av den offisielle KOSTRA-statistikken til Statistisk Sentralbyrå (SSB). Vi finn likevel statistikk om meldingsinstans og meldingsinnhald på landsbasis i SSB's statistikkbank, men bortlagte meldingar er ikkje teke med i denne statistikken.

Bekymringsmeldingar – utvikling på landsbasis

Årleg vert talet på bekymringsmeldingar rapportert til rapporteringsbanken i Barne- og likestillingsdepartementet (BLD). Då denne statistikken ikkje er kvalitetssikra kan han ikkje nyttast som offisiell statistikk, men gir likevel eit inntrykk av omfanget av mottekne meldingar og meldingar som er lagt bort.⁵

I følgje NRK viser rapporteringa frå landets kommunar at talet på bekymringsmeldingar har hatt ein

³ «Fra bekymring til handling – gjør noe med det» Bufetat, region nord (05.11.2010) og «Rutinehandbok for barneverntjenesten i kommunene», BLD, mars 2006.

⁴ Barnevernlova § 6-4, 2. avsnitt.

⁵ Helsepersonells opplysningsplikt til barnevernet

kraftig auke. På landsbasis fekk barneverntenesta over 27.000 bekymringsmeldingar i første halvdel av 2013.

Det er ein auke på fire prosent frå same periode i 2012.⁶ I perioden 2008–2012 har det vore ein auke i talet på bekymringsmeldingar på 29 prosent.⁷

Bekymringsmeldingar etter meldingsinstans

Tabellen under syner korleis utviklinga i talet på meldingar på landsbasis har vore i perioden 2003 til 2012 for dei meldingsinstansane som står for størst del av meldingar i 2012⁸. Om lag 13% av dei meldingskategoriene som SSB nyttar i sin statistikk er uspesifisert («Andre offentlege instansar» og «Meldt av andre»). Vi har valt å ikkje ta desse med i tabellen.

Meldingsinstans	Auke i tal og prosent 2003 - 2012		Meldingar i tal og prosent i 2012	
Barneverntenesta	2.462	119 %	5.042	14,2 %
Skule	2.377	107 %	4.587	12,9 %
Mor/far/føresette	-316	-7 %	4.110	11,5 %
Politi/lensmann	2.056	115 %	3.846	10,8 %
Lege/sjukehus	907	92 %	1.890	5,3 %
Barnehage	1.324	243 %	1.868	5,3 %
Helsestasjon/skulehelsetenesta	731	69 %	1.792	5,0 %
Psykisk helsevern	834	96%	1.701	4,8 %

Tabell 1: Meldingsinstansar - utvikling og status

Dei meldingsinstansane som går fram av tabellen utgjør nesten 70% av alle registrerte bekymringsmeldingar i 2012. Dei same instansane representerer samstundes nesten 73% av auken i perioden 2003 til 2012. Meldingar frå mor/far/føresette har hatt ein liten nedgang i same periode.

Det er berre to andre meldingsinstansar som har hatt nedgang i same periode: sosialkontortenensta og PPT.




Diagram 1: Bekymringsmeldingar etter aldersgruppe, kjelde: SSB

Diagrammet over viser kva for aldersgrupper som er mest representert i bekymringsmeldingane.

⁶ «Kraftig økning i antallet bekymringsmeldinger» (04.03.2014) Hommedal/Tøhaug – NRK.

⁷ <http://www.vg.no/nyheter/innenriks/foreldre-og-barn/dobling-av-akuttvedtak-i-barnevernet/a/23255529/>

⁸ Basert på tal henta frå Statistikkbanken i SSB.

Aldersgruppene 0-2 år og 3-5 år har om lag same utvikling og nivå. Aldersgruppene 6-12 år og 13-17 år har nokon lunde tilsvarande samvariasjon og nivå. Aldersgruppa 18-22 år ligg lågt i heile analyseperioden. Reduksjonen i bekymringsmeldingar frå 2011 skuldast truleg at «Barnevernløftet» har gitt effekt.

Bekymringsmeldingar etter meldingsinnhald




Diagram 2: Bekymringsmeldingar etter innhald, kjelde: SSB

«Tilhøva i heimen» er grunnlaget for dei fleste bekymringsmeldingar gjennom heile perioden. Frå 2011 får likevel alle innhaldskategorien ein nedgang, bortsett frå «omsorgssvikt/mishandling» som har ein auke.




Diagram 3: Bekymringsmeldingar etter innhald og alder i 2012, kjelde: SSB

Vi gjer merksam på at dei presenterte tala over meldingar frå SSB er avgrensa til meldingar som har ført til undersøkingar og/eller tiltak. Talet på innkomne/registrerte meldingar på landsbasis er altså større, sidan bortlagte meldingar ikkje er teke med i statistikken.

Problemstilling 1: *Har barneverntenesta i Stryn kommune organisert rutinar som ivaretek nasjonalt regelverk som gjeld bekymringsmeldingar?*

Revisjonskriterium

Barneverntenesta si handsaming av bekymringsmeldingar skal skje i samsvar med skrivne rettsreglar (lov, forskrift og instruksar – gjerne i form av departementale rundskriv).

For å vurdere om dei styrande rutinar og prosedyrar i barneverntenesta i Stryn er i samsvar med lovverk, instruksar og autoritative tilrådingar, må vi først sjå nærmare på kva for rettskjelder som regulerer kommunens saksbehandling av bekymringsmeldingar.

Barnevernlova er ei særlov som inneheld reglar for saksbehandling av meldingar som blir rapportert til barneverntenesta. Kommunens rutinar og prosedyrar er forpliktande framgangsmåtar for oppgaveløysing innanfor dei rammene regelverket set.

For å svare på problemstilling 1 blir følgjande revisjonskriterium lagt til grunn:

1. MOTTA AV MELDING:

Kriterium nr. 1.1 - Behandlingsplikt:

Barneverntenesta skal snarast, og seinast innan ei veke gjennomgå innkomne meldingar og vurdere om meldinga skal følgjast opp med undersøkingar

Kjelde: bvl. § 4-2

2. TILBAKEMELDING TIL MELDAR:

Kriterium nr.1. 2:

Meldar skal ha tilbakemelding innan 3 veker.

Kjelde: bvl. § 6-7 a

3. OPPLYSNINGSPLIKT FOR MELDEPLIKTIGE:

Kriterium nr. 1.3:

Barnevernet har i visse høve rett til å pålegge dei meldepliktige å gi opplysningar i kraft av si stilling. Dei meldepliktige har då ei plikt til å oppgi opplysningane på nærmare gitte vilkår.

Kjelde: bvl. § 6-4

4. ARKIVERING AV BEKYMRRINGSMELDINGAR:

Kriterium nr. 1.4:

Meldingar som vert lagt bort (ikkje går vidare til undersøking) bør oppbevarast i 5 år.

Kjelde: Departementalt skriv av 05.07.2010

5. HANDSAMING AV ANONYME MELDINGAR:

Kriterium nr. 1.5 a:

Registreringsplikta gjeld også meldingar som er anonymisert.

Kjelde: Rutinehåndbok for barneverntjenesten i kommunene, kap. 3.4.2

Kriterium nr. 1.5 b:

Offentleg tilsett som gjennom sitt virke vert bekymra for eit barn eller ein ungdom har ikkje høve til å melde anonymt.

Barnevernet kan gi anonymitet til privatpersonar, men det kan ikkje frita dei for vitneplikt dersom saka skal behandlast i fylkesnemnda eller i domstolane. Då må barnevernet melde frå om kven som har meldt saka.

Kjelde: Barne-, ungdoms- og familiedirektoratets (BUFs) heimeside Barnevernet.no

Innhenta data

Mottak av melding - behandlingsplikt

Utvikling i talet på mottekne meldingar i perioden 2010 - 2013

Barnevernkontoret i Stryn har i perioden f.o.m. 2010 t.o.m. 2013 hatt følgjande utvikling i mottekne bekymringsmeldingar sortert etter meldingsinstans:

Meldar	2010	2011	2012	2013	SUM
Politi	6	9	10	10	35
Andre/anonyme	1	14	7	5	27
Barneverntenesta	4	12	7	4	27
Skule	2	7	6	11	26
Helsestasjonen	2	11	0	4	17
Foreldre sjølv	2	3	10	2	17
Barnehage	2	1	1	8	12
NAV	1	7	1	3	12
Nordfjord psyk. senter		1	3	0	4
BUP		1	2	0	3
Lege/sjukehus	1	1	1	0	3
Flyktningtenesta		1	0	1	2
Ambulansetenesta		1	0	0	1
Familiekontoret		0	1	0	1
Jordmor		0	0	0	0
PPT		0	0	0	0
Psykisk helsearbeidar		0	0	0	0
SUM	21	69	49	48	187

Tabell 2: Mottekne meldingar i Stryn kommune (2010-2013). Kjelde: Stryn kommune

Vi har sortert tabellen etter tal på rapporterte meldingar frå dei einskilde meldingsinstansane.

Stryn kommune har på same måte som resten av landet hatt ein sterk auke i innkomne bekymringsmeldingar. Frå 2010 til 2011 auka meldingane med nærmare 230 %. Etter dette har talet på innkomne meldingar vore meir enn dobbelt så høgt som i 2010.

I Stryn kommune er det politiet som står for flest melde bekymringar i tidsperioden 2010 til 2013. Den største auken er det skulane som har hatt. Frå 2012 til 2013 har det også vore ein sterk auke i meldingar frå barnehagane i kommunen.

I vedlegg til årsrapport 2013 for helse- og sosial går det fram at «det er grunn til å merkes seg at helsestasjon står for 8 % av dei tilmelde borna, medan lege og PPT som er i kontakt med mange med problem ikkje har meldt frå om nokon bekymring».

Tabellen under viser kor stor del av mottekne meldingar som er lagt bort og/eller har brot på behandlingsfristen i Nordfjordkommunane i 2013:

Meldingar per kommune i Nordfjord (2013)

Kommune	Tal på meldingar	Tal på bortlagt	% bortlagt	Fristoverskriding	% fristbrot
Eid	33	0	0,0 %	0	0,0 %
Gloppen	39	1	2,6 %	0	0,0 %
Hornindal	9	0	0,0 %	0	0,0 %
Selje	21	4	19,0 %	0	0,0 %
Stryn	48	7	14,6 %	0	0,0 %
Vågsøy	43	17	39,5 %	1	2,3 %

Tabell 3: Bekymringsmeldingar etter bortlegging og fristoverskriding i Nordfjord

Fristoverskriding på landsnivå er 1,7%. Fristoverskriding på fylkesnivå (Sogn og Fjordane) er 1,2%. Talet på bortlagte meldingar varierer mykje mellom Nordfjord-kommunane.

Mottak av meldingar - rutinar

Barnevernleiar får kopi av alle meldingar som barneverntenesta mottek. Saksbehandlar legg inn meldingar og klientdata i fagsystemet Visma Familia.

Sakene vert fordelt på saksbehandlarane på første kuratormøte. I nytt kuratormøte vert det bestemt om meldinga skal resultere i ei undersøking.

Barnevernet si realitetsvurdering av, og avgjerd knytt til mottekne bekymringsmeldingar er rettsleg sett ikkje å sjå på som einskildvedtak etter § 2 i forvaltningslova, men vert rekna som avgjerd i ein prosess som kan lede til at det vert opna ei undersøkingssak. Sakshandsamingsreglane i forvaltningslova kan dermed ikkje brukast på denne type avgjerder, noko som inneber at dei heller ikkje kan påklagast til Fylkesmannen⁹.

Saksbehandlingstid - frist

I følge § 4-2 i barnevernlova skal barneverntenesta snarast, og seinast innan ei veke, gjennomgå innkomne meldingar og vurdere om meldinga skal følgjast opp med undersøkingar etter § 4-3.

I Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet (BLD) sin rapporteringsbank er det registrert éi fristoverskriding av dei 48 mottekne meldingane som Stryn kommune mottok i 2013. I følge barnevernleiar dreier dette seg om ei feilregistrering i fagsystemet Visma Familia. I dette konkrete tilfellet vart tre søsken registrert som ei melding, medan det skal opprettast ei melding per barn¹⁰.

Tilbakemelding til meldar

Bvl. § 6-7 a slår fast at meldaren har rett på å få ei tilbakemelding frå barnevernet innan tre veker etter at meldinga vart motteke. Denne lovparagrafen vart teke inn i barnevernlova ved lov av 19. juni 2009 nr. 45. I Stryn kommune vert det sendt tilbakemelding innan ei veke om meldingar som vert lagt bort. For meldingar som går til undersøking skjer tilbakemelding når undersøkinga startar.

⁹ «Rutinehåndbok for barneverntjenesten i kommunene», pkt. 2.4.2 g, s. 25.

¹⁰ «Rutinehåndbok for barneverntjenesten i kommunene», pkt. 3.4.1 e, s. 35.

Barnevernet har teieplikt når det gjeld opplysningar i saka, og innhaldet i tilbakemeldinga vil derfor vere prega av dette. Private meldarar får berre tilbakemelding om at barnevernet har motteke meldinga. Offentlege meldarar vil i tillegg få informasjon om meldinga har ført til undersøking og om undersøkinga har ført til tiltak. Fagsystemet Visma Familia inneheld malar for tilbakemelding.

Opplysningsplikt

Meldeplikta er ei aktiv plikt til å melde frå om bekymringar, medan opplysningsplikta er ei plikt til å svare når barneverntenesta ber om opplysningar. Plikta gjeld berre offentlege og nokre yrkesgrupper, t.d. legar. Bvl. § 6-4, 1. ledd regulerer plikta til å gi opplysningar til barnevernet når barnevernet ber om det. Opplysningsplikta er å oppfatte som eit pålegg frå barnevernet som set teieplikta til den opplysningspliktige til side. Retten til opplysningar er likevel avgrensa til å gjelde dei meir alvorlege tilfelle; når det er grunn til å tru at eit barn vert mishandla i heimen eller det ligg føre andre former for alvorleg omsorgssvikt, eller når eit barn har vist vedvarande alvorlege åtferdsvanskar¹¹. Barneverntenesta informerer om opplysningsplikta i samband med personalmøter hos fleire offentlege meldingsinstansar. Barneverntenesta har til dømes vore i forskjellige fora der mellom anna rektorar, barnehagestyrarar og legar har vorte informert om opplysningsplikta.

Bortlegging av sak og arkivering

Ei bekymringsmelding vert lagt bort dersom barneverntenesta konkluderer med at det ikkje er grunnlag for å opne undersøking i saka. På same vis skal meldingar som vert vurdert som ugrunna leggest bort. Slike meldingar vert ikkje lagra, men makulert.

I brev av 05.07.2010 anbefaler departementet (BLD.) at lagringstida for bortlagte bekymringssaker vert utvida frå eitt til fem år. Grunngevinga for denne utvidinga er i følge departementet at ei bekymringsmelding vil vurderast på ein annan måte dersom barneverntenesta har kunnskap om at det har vore gitt meldingar på same barnet ein eller fleire gonger tidlegare.

Dersom det i løpet av denne tida ikkje har kome nye opplysningar som gir grunn til å foreta undersøkingar etter barnevernlova § 4-3, bør dokumenta overførast til langtidslagring i tråd med reglane i arkivlova.

Dersom det kjem ei ny bekymringsmelding, og det heller ikkje denne gangen vert opna ei sak, bør begge meldingane oppbevarast i fem år frå den sist innkomne meldinga.

Anonyme meldingar

Det er ingen formkrav til bekymringsmeldingar. Dei kan vere både skriftlege (skjema eller brev) og munnlege.

Når det gjeld høve til å melde sine bekymringar anonymt, er det forskjellig behandling av offentlege og private meldarar. Meldingsinstansar som har lovpålagt plikt til å melde bekymringar til barnevernet har ikkje høve til å vere anonyme. Barnevernet har likevel høve til å gi private meldarar anonymitet, men barneverntenesta skal informere meldaren om at anonymiteten vil opphøre dersom saka viser seg å vere så alvorleg at ho kjem opp for behandling i fylkesnemnda for barnevern og sosiale saker eller domstol. Då vil vitneplikta oppheve retten til anonymitet.

¹¹ «Barnevernet og taushetsplikten, opplysningsretten og opplysningsplikten», Rundskriv Q-24, mars 2005, s. 28 (Bvl.)

Vurdering

Utvikling i bekymringsmeldingar i perioden 2010 – 2013

Kommunerevisjonen seier seg samd i den vurderinga som går fram av årsrapport 2013 for helse- og sosial om tala på bekymringsmeldingar frå PPT og lege/sjukehus dei siste fire åra, jf. siste avsnitt, side 13. Vi har ikkje grunnlag for å hevde at det skjer ei underrapportering, men vil oppmode kommunen om å fortsette med informasjon til dei aktuelle instansane. Vi veit at barnehagane har fått ei auke i si rapportering etter at det vart sett sterkare fokus på dei låge tala som blei rapportert frå dette tenestområdet.

Mottak av melding – behandlingssplikt

Sjølv med den sterke auken i talet på bekymringsmeldingar, har ikkje kommunen hatt overskriding av den lovfesta behandlingssfristen i 2013.

Det ligg føre eit brot på rutine for oppretting av ny melding. I dette tilfellet vart tre søsken registrert som ei melding, medan det skal opprettast ei melding per barn. Dette vart oppdaga og meldt frå om til Fylkesmannen ved rapportering.

Tilbakemelding til melder

Dei styrande rutineane skildrar korleis tilbakemelding skal praktiserast. Vi saknar likevel ei presisering av den lovfesta fristen på tre veker etter mottak av melding. Vi gjer merksam på at praktiseringa av rutineane er i samsvar med fristen.

Opplysningsplikt

Barnevernavdelinga driv aktiv informasjon ute hos potensielle offentlege meldingsinstansar i kommunen. I samband med dette prosjektet har avdelinga gått gjennom sine prosedyrar for dei einskilde offentlege meldingsinstansane. Ein har då sett at det manglar prosedyre for opplysningsplikt til barnevernet for

- Helsepersonell
- Tilsette i skular
- Tilsette i barnehagar

Barnevernet har gjeve uttrykk for at dette skal kome på plass i løpet av hausten 2014.

Bortlegging av sak og arkivering

Vi har fått innsyn i årsakstilhøva i seks av dei sju meldingane som vart lagt bort i 2013. Sjølv om denne rapporten ikkje tek stilling til barnevernfaglege avgjerder, viser desse døma at det ligg føre vurdering og grunngjeving bak alle bortlagte meldingar.

Under 15 % av alle mottekne meldingar vert lagt bort. Dette er ein relativt låg bortleggingsprosent.

Kommunen praktiserer oppbevaring av meldingar i samsvar med reglane på området.

Anonyme meldingar

Det rutinepunktet i KvalitetsLosen som omhandlar informasjon til melder som ønskjer å vere anonym er viktig. Vi anbefaler likevel at det vert presisert at rett til anonymitet berre gjeld private meldarar.

Konklusjon

- Barneverntenesta i Stryn har ingen fristoverskridingar i 2013.
- Rutine for oppretting av ny melding vart brote ein gong i 2013, men oppdaga og retta.
- Meldingsinstansane lege/sjukehus og PPT har overraskande få meldingar. I fireårsperioden 2010 – 2013 har desse to meldarane til saman berre meldt frå om fire bekymringar.
- Barneverntenesta i Stryn har rutinar som stetter dei lovregulerte krava til tilbakemelding til meldar, men regelen om tilbakemeldingsfrist i bvl. § 6-7 a er ikkje nemnt i kommunens rutinar.
- Det manglar prosedyrar for opplysningsplikt til barnevernet for helsepersonell, tilsette i skular og tilsette i barnehagar.

Tilråding

- Kriterium for når det skal opprettast ny melding bør innarbeidast i kommunens rutineverk i KvalitetsLosen.
- Det kan vere grunn til å sjå nærmare på dei meldingsinstansane som har langt færre meldingar over tid enn det ein kunne vente.
- Den lovregulerte fristen for tilbakemelding til meldar på tre veker etter mottak bør dokumenterast i kommunens rutinar i KvalitetsLosen.
- Oppbevaringsrutinar bør dokumenterast i KvalitetsLosen som ein del av handsaminga av bekymringsmeldingar.
- Rutinen i KvalitetsLosen bør ha med eit punkt som slår fast at det berre er private meldarar som kan vere anonyme.

Problemstilling 2: *Er det etablert samhandlingsrutinar mellom barneverntenesta og andre delar av det offentlege tenestetilbodet for barn og unge i Stryn kommune?*

Revisjonskriterium

Kriterium nr. 2.1:

«Viktig informasjon må identifiseres, fanges opp og formidles til riktig tid og gjøre de ansatte i stand til å utføre sine ansvarsoppgaver».

Kjelde: «Rådmannens internkontroll – Orden i eget hus» (KS, mars 2012)

Innhenta data

Barneverntenesta i Stryn har gjennom eit felles prosjektarbeid utforma eit prosedyresystem for tverrfagleg og tverretatleg samarbeid om barn og unge. Samarbeidet består i møteverksemd der saker vert drøfta på generelt og anonymisert individnivå. Møtefrekvensen er månadleg og deltakarane kjem frå skule, barnehage, PPT og helsestasjon. Til no har møtedeltakarane berre kome frå dei største skulane og barnehagane i kommunen, men det er ei målsetting å inkludere alle skular og barnehagar til samarbeidsmøta minst to gonger i året.

Vi får opplyst at barneverntenesta i tillegg er med i følgjande møte og fora:

- Konsultasjonar mellom barneverntenesta, barne- og ungdomspsykiatrien (BUP), pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) og helsestasjonen. Møtefrekvens: kvar 6. veke.
 - Møte mellom barnevernleiar, leiande helsesyster, leiar for PPT og representant frå skule- og kulturkontoret. Desse møta på overordna nivå har fokus på følgjande tema:
 - ✓ Vidareutvikling, evaluering og revidering av prosedyrar for kommunens tverrfaglege og tverretatlege samarbeid.
 - ✓ Kompetanseheevande tiltak for dei som arbeider med barn og unge i kommunen.
- Frekvens: ca. ein gong i kvartalet.
- Møte med den offentlege tannhelsetenesta. Frekvens: årleg.
 - Representert i psykososialt kriseteam
 - Representert i Forebyggende forum (Fokus på status i barne- og ungdomsmiljøet og behov for førebyggjande innsats og tiltak). I forumet sit representantar for grunnskule, vidaregåande skule, politi, helsestasjon, NAV og barneverntenesta)
 - Barneverntenesta har link til politirådet, som er eit strategisk råd mellom leiinga i politi og kommune
 - Leiar for barneverntenesta er koordinator for prosjektet «Sjumilssteget» i Stryn kommune. Prosjektet, som Fylkesmannen står bak, er eit felles løft for å gjennomføre FN's barnekonvensjon i kommunane.

Vurdering

Stryn kommune har etablert eit breitt samansett samarbeid på tvers av fag- og etatsgrenser. Dei samarbeidsfora som er nemnt representerer eit godt miljø for utveksling av informasjon innanfor dei grensene som teieplikta set. Det tverrfaglege samarbeidet vil kunne fungere som ein viktig kompetanse-ressurs innanfor eit så komplekst fagfelt som barnevern representerer. Ei god samhandling mellom barnevernet og offentlege meldingsinstansar vil også vere eit viktig tiltak for å nå målet om at alle barn og unge med behov for hjelp frå barnevernet får ei heilskapleg og god oppfølging.

Konklusjon

Stryn kommune har kome langt i å etablere tverrfaglege og tverretatlege samahandlingsmiljø.

Tilråding

Vi har ingen spesielle tilrådingar.

Problemstilling 3: Har Stryn kommune innført avviksmeldingar og avvikshandtering i sitt internkontrollarbeid innanfor barnevernet?

Revisjonskriterium

Kriterium nr. 3.1:

«Dersom fastsatte prosedyrer ikke følges, må dette meldes og registreres som avvik internt i barneverntjenesten i hvert enkelt tilfelle. Enten må praksis korrigeres eller prosedyre endres. Den erfaring som virksomheten får gjennom god og systematisk avviksbehandling, bidrar til forbedring av internkontrollen og derigjennom tjenestene.»

Kjelde: «Internkontroll i barneverntjenesten i kommunene – en veileder», pkt. 4.4, side 10)

Det følger av barnevernlova § 2-1, 2. ledd at kommunen skal etablere system for internkontroll med eiga verksemd. Internkontroll handlar om verksemda si interne styring og eigen kontroll. Internkontrollsystemet skal fungere som eit leiarverktøy -eit hjelpemiddel for systematisk styring og kontinuerlig forbetring, slik at krav frå styresmakta på området vert etterlevd.

Innhenta data

Stryn kommune har teke i bruk KvalitetsLosen, eit web-basert system for kvalitetsstyring og avvikshandsaming. Avvik vert melde ved registrering i dette systemet. Vi får opplyst at avvikshandtering har jamleg fokus i helse- og sosialsektoren og på kuratormøter i barnevernavdelinga.

Vurdering

Det ligg eit forbetringspotensiale i bruken av avvikssystemet i KvalitetsLosen. Kommunen er merksam på dette, og arbeider aktivt med å betre avviksbehandlinga i sin internkontroll. Effektiv bruk og systematisk handtering av avvik har som målsetting å bidra til at brot på lover, forskrifter, prosedyrar og rutinar blir registrert og nytta til læring og utvikling.

Konklusjon

Stryn kommune har etablert og teke i bruk eit system for avvikshandsaming (KvalitetsLosen).

Tilråding

Vi har ingen spesielle tilrådingar.

Problemstilling 4: Korleis er barneverntenesta sin kompetanse og kapasitet samanlikna med andre kommunar?

Revisjonskriterium

Kriterium nr. 4.1 - kompetanse

«Treårig høyskoleutdanning anses som nødvendig, men ikke som tilstrekkelig for å inneha stillinger i barnevernet. For å styrke den formelle og reelle kompetansen, må grunnutdanningen påbygges med veiledning og målrettet videreutdanning.

Kjelde: NOU-2000-12 "Barnevernet i Norge" s. 14

Kriterium nr. 4.2 - kompetanseutvikling

«Kommunen har ansvaret for nødvendig opplæring av barneverntjenestens personell. Personalet er forpliktet til å delta i opplæring som blir bestemt, og som anses nødvendig for å holde deres kvalifikasjoner ved like.»

Kjelde: bvl. § 2-1, siste ledd

Kriterium nr. 4.3 - kapasitet

Kommunal barnevernteneste bør minimum ha fem fagstillingar.

Kjelde: Forslag til rettleiande norm frå Barneombodet, Barnevernpanelet, Landsforeningen for barnevernbarn og Fellesorganisasjonen (høyringsuttaler i samsband med endringar i barnevernlova)

Kriterium nr. 4.4 – kapasitet

Det bør ligge føre ein norm på 10 til 15 saker per saksbehandlar i barneverntenesta.

Kjelde: Fellesorganisasjonen (høyringsuttale)

Vi gjer merksam på at kriterium 4.3 og 4.4 ikkje er måltal som styresmaktene har tilrådd. Måltala er kome fram i høyringsrunden i samband med «ny barnevernlov». Dei presenterte måltala har vore eit forsøk på å finne fram til ein kapasitetsnorm i barneverntenesta.

Innhenta data

Kompetanse

Barneverntenesta i Stryn kommune har fire saksbehandlarar med fagutdanning som stettar norma i kriterium 4.1.

Dei tilsette har i tillegg fagleg påbygging innanfor undersøkingsmetodikk. Ein tilsett er dessutan p.t. i gang med vidare skulering i observasjonsmetodikk, jf. kriterium 4.1 og 4.2.

Kapazität




Diagram 4: Tal på årsverk per innbyggjarar 0-17 år, 2010 - 2013. Kjelde: Kostra

Endringa og nivået i tal årsverk i forhold til innbyggjarane i målgruppa for barnevernet seier noko om kapasiteten til barneverntenesta.

Diagrammet over viser at Stryn ligg lågast når det gjeld årsverk i høve til målgruppa i kommunen. Dette nøkkeltalet er likevel ikkje tilstrekkeleg robust til at vi kan bygge på dette åleine. I staden for berre å sjå på årsverk i forhold til potensielle brukarar av barneverntenestane, kan det vere interessant å sjå på tal årsverk i barnevernet i forhold til saksmengda.

Tidsserie for Barn med undersøkelse eller tiltak per årsverk




Diagram 5: Tal på barn med undersøking eller tiltak per stilling, 2010 - 2013. Kjelde Kostra

Diagrammet viser ein nedgang i saksmengd per årsverk, altså ein kapasitetsauke.

Det kommunale barnevernet har i åra 2011, 2012 og 2013 motteke midlar over statsbudsjettet til nye stillingar, kompetanse- og samhandlingstiltak, det såkalla «barnevernløftet»¹². Stryn kommune ligg om lag på same nivå som fylket og landet i 2013.

Vurdering

Formalkompetansen til dei tilsette ved barnevernet i Stryn støtter dei krav som vert stilt til fagstillingar. Langvarig praksis frå fagfeltet borger i tillegg for solid realkompetanse.

For nøkkeltalet årsverk per innbyggjar i målgruppa 0-17 år ligg Stryn kommune eit godt stykke under kostragruppa, fylket og landet totalt for heile analyseperioden 2010 – 2013.

Saksmengd per årsverk har gått kraftig ned dei siste åra, noko som truleg skuldast «Barnevernløftet».

Konklusjon

Barnevernet i Stryn kommune har god formal- og realkompetanse.

Barnevernet i Stryn ligg om lag likt med landet og fylket med omsyn til kapasitet.

Tilråding

Vi har ingen spesielle tilrådingar.

¹² Statleg satsing på det kommunale barnevernet, innført i 2011. Inneheldt mellom anna eit opptrappingsbasert ressursløft (ein auke på 891 nye stillingar på landsbasis f.o.m. 2011 t.o.m. 2014).

Vedlegg

Lover på området

Meldeplikt

Barnevernlova § 6-4, 2. og 3. ledd:

Offentlige myndigheter skal av eget tiltak, uten hinder av taushetsplikt, gi opplysninger til kommunens barneverntjeneste når det er grunn til å tro at et barn blir mishandlet i hjemmet eller det foreligger andre former for alvorlig omsorgssvikt, jf. §§ 4-10, 4-11 og 4-12, når et barn har vist vedvarende alvorlige atferdsvansker, jf. § 4-24, eller når det er grunn til å tro at det er fare for utnyttelse av et barn til menneskehandel, jf. § 4-29. Like med offentlige myndigheter regnes organisasjoner og private som utfører oppgaver for stat, fylkeskommune eller kommune. Også etter pålegg fra de organer som er ansvarlige for gjennomføringen av loven plikter offentlige myndigheter å gi slike opplysninger. Etter pålegg fra disse organer plikter offentlige myndigheter i forbindelse med sak som fylkesnemnda skal avgjøre etter §§ 4-19, 4-20 og 4-21, også å gi de opplysninger som er nødvendige for å kunne vurdere om en flytting tilbake til foreldrene, eller samvær med dem, vil kunne føre til en situasjon eller risiko for barnet som nevnt i §§ 4-10, 4-11 eller 4-12.

Også yrkesutøvere i medhold av helsepersonelloven, psykisk helsevernloven, helse- og omsorgstjenesteloven, lov om familievernkontorer, meklingsmenn i ekteskapsaker (jf. lov om ekteskap), samt friskolelova 1 plikter å gi opplysninger etter reglene i andre ledd.

Vår merknad:

Meldeplikta er også teke inn som eigen paragraf i den særlovgevinga som denne plikta er lagt til, jf. oversikta på side 9 i denne rapporten.

Behandlingsplikt

Barnevernlova § 4-2:

Barneverntjenesten skal snarest, og senest innen en uke, gjennomgå innkomne meldinger og vurdere om meldingen skal følges opp med undersøkelser etter § 4-3.

Opplysningsplikt

Barnevernlova § 6-4, 1. ledd:

Opplysninger skal så langt som mulig innhentes i samarbeid med den saken gjelder eller slik at vedkommende har kjennskap til innhenting.

Tilbakemeldingsplikt

Barnevernlova § 6-7 a:

Barneverntjenesten skal gi den som har sendt melding til barneverntjenesten, jf. § 4-2, tilbakemelding. Tilbakemeldingen skal sendes innen tre uker etter at meldingen ble mottatt. Tilbakemelding kan unnlates i tilfeller der meldingen er åpenbart grunnløs, eller der andre særlige hensyn taler mot å gi tilbakemelding.

Referansar

Barneverntenesta i Stryn kommune: «Orientering frå barneverntenesta i Stryn til oppstart av forvaltningsrevisjon av system for bekymringsmeldingar», 01.07.2014.

Barne- og likestillingsdepartementet: «Oppbevaring av bekymringsmeldingar – nye rutiner», 05.07.2010.

Barne- og likestillingsdepartementet: «Rutinehåndbok for barneverntjenesten i kommunene, mars 2006.

Barne- og likestillingsdepartementet: «Opplysningsplikt til barnevernet og barnevernets adgang til å gi opplysninger», Q- 1094 B, januar 2006.

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet: «Retningslinjer for satsing på kommunalt barnevern 2014», 17.01.2014.

Barnevernpanelets rapport, september 2011.

Bjørnelv, M og Hynne, S: «Tolkning av barnevernstatistikk – Muligheter og begrensninger», Kommunerevisoren nr. 6-2009.

Bufetat Region Nord: «Fra bekymring til handling – gjør noe med det», 05.11.2010

Deloitte (KS FoU): «Barnevernet i små kommuner – status og utfordringer, 22.10.2012.

Helsetilsynet: «Helsepersonells opplysningsplikt til barnevernet. Oppsummering av kunnskap fra tilsyn m.v.» Rapport fra Helsetilsynet 2/2014.

Kommunesektorens organisasjon (KS): «Fylkesvise diagrammer fra nøkkeltallsrapport Barnevern – kommunene i Sogn og Fjordane», 2013.

KvalitetsLosen, Stryn kommune.

Norsk barnevernlederorganisasjon (NOBO): «Faglig plattform 2012 – 2014», 27.04.2012.

Ringerike kommune: «Samarbeidsrutiner skole og barnevern», 01.01.2014.

Statistisk Sentralbyrå: «Barneverntjenesten – definisjoner og oversikt over nøkkeltall», 10.07.2013.

Høyring

Høringsuttale frå administrasjonen



STRYN KOMMUNE

Rådmannsavdelinga

Kommunerevisjonen i Nordfjord
Tonningsgt 4

6783 STRYN

Vår ref.
13/101-29/K2-F40//PKS

Dykkar ref.

Dato:
14.10.2014

Fråsegn til forvaltningsrevisjonsrapporten Bekymringsmeldingar i barnevernet - Stryn kommune.

Rådmannen har fått oversendt forvaltningsrevisjonsrapport vedk. «Bekymringsmeldingar i barnevernet – Stryn kommune» med brev dat 06.10.2014.

Det er gjort eit grundig og nyttig arbeid med forvaltningsrevisjonsrapporten, og konklusjonane viser at dei delene av barnevernet som er omfatta av forvaltningsrevisjonen gjer eit godt arbeid innanfor gjevne lover og rammer. Dette er sers tilfredsstillande lesnad.

Rådmannen slutter seg til det som er nemnt i den konkluderande tilrådinga om at rutinene som ligg i Kvalitetslosen må suppleras slik at dei femner om dei tilhøva som er påpeika i rapporten.

Det er også eit tankemøte mellom meldingsinstansar som normalt skal identifisere og melde frå om moglege tilfeller, i så liten utstrekning er representert blant dei som melder frå. Det må difor arbeidast vidare med auka bevisstgjerjing overfor desse instansane slik at dette viktige området får naudsynt fokus.

Utover dette har ikkje rådmannen merknader til rapporten.

Med helsing

Per Kristian Storevik
rådmann
57 87 47 11

Gjenpart til: Helse- og sosialsjefen, barnevernsleiar

Postadresse/besøksadresse:
Tonningsgata 4
6783 STRYN

Org.nr: 963 989 202

Telefon: 57 87 47 00
Telefaks: 57 87 47 01
e-postadresse: postmottak@stryn.kommune.no
Heimeside: <http://www.stryn.kommune.no>

Banksamband
Norden 6557 05 02802
Sparebanken SFJ 3795 07 00239
Norden (SKATT) 6345 06 14493

SEKOM-sekretariat

Saksgang Stryn kontrollutval	Møtedato 05.11.2014	Saksnr 031/14
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-217	Arkivsaknr.: 14/272
---	-------------------------	-------------------------------

Undersøking av brutto driftsutgifter til tiltak per barn med tiltak

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
29.10.2014	Oversending av rapport etter undersøking Stryn	714
29.10.2014	RAPPORT: undersøking av brutto driftsutgifter til tiltak per barn med tiltak.pdf	715

Tilråding:

(Kontrollutvalet tilrår til kommunestyret).

Kontrollutvalet viser til rapport etter undersøking av brutto driftsresultat til tiltak per barn med tiltak datert 10.10.2014, der det er funne at Kostra-data er rett rapporterte, og dette vert teke til orientering.

Saksutgreiing:

Kontrollutvalet gjorde vedtak om tinging av undersøking i sak 18/14 Forvaltningsrevisjon – Bekymringsmeldingar i barnevernet – oppfølging, i møte 8.5.2014, sjå punkt 2:

- 1. Kontrollutvalet tingar forvaltningsrevisjon om system for bekymringsmeldingar i barnevernet.*
- 2. Kontrollutvalet tingar ei undersøking om innhaldet i tala for brutto driftsutgifter til tiltak per barn med tiltak.*

Tinginga vart sendt til Kommunerevisjonen i Nordfjord i e-post datert 9.5.2014, og ferdig rapport etter undersøkinga vart sendt til SEKOM-sekretariat 10.10.2014.

Utdrag frå rapporten etter undersøkinga er klipt inn her:

Eg har sett gjennom mottekne dokument. Opplysningane, som kjem fram av framlagt statistikk og dokumentasjon, bekreftar at kommunen har gode rutinar og er på bra nivå samanlikna med andre.

Det er likevel eit «avvik» i statistikken som eg finn grunn til å stille spørsmål ved:

I statistikken frå SSB framgår at «brutto driftsutgifter til tiltak per barn med tiltak» innan funksjonane 251 Barnevernstiltak i familien og 252 Barnevern utanfor familien er svært låge i Stryn:

Eg kommenterer her tala for Stryn som viser

- at sum utgifter i rekneskapane bekreftar same uttrykk som vi hadde av SSB-tala for «driftsutgifter per barn», at sum til barnevern utanfor familien er svært låge i Stryn (2, 8 mill mot Eid – Gloppen - Vågsøy 6,5 - 12,2 mill)
- at låge driftsutgifter er resultat av
 - forholdsvis få omsorgstiltak
 - forholdsvis få barn er plassert utanfor heimen

Først og fremst det siste, at det er plassert forholdsvis få barn utanfor heimen, medverkar til låge kostnader.

Min konklusjon er at SSB-tala er rette, eller med andre ord; at KOSTRA-data er rett rapporterte.

Fra: Markvard Sunde <markvard.sunde@stryn.kommune.no>
Sendt: 27. oktober 2014 15:25
Til: Audhild Ragni Vie Alme
Emne: VS: Stryn: RAPPORT etter undersøking
Vedlegg: RAPPORT.pdf

Fra: Markvard Sunde
Sendt: 10. oktober 2014 09:27
Til: 'Helgheim Arnar'
Emne: Stryn: RAPPORT etter undersøking

Her følger vedlagt rapporten som kontrollutvalet i Stryn har tinga, jf pkt 2 i e-posten frå dykk nedanfor her.

Mvh

Markvard Sunde

Revisjonssjef

Tlf 57874818

KOMMUNEREVISJONEN I NORDFJORD

Fra: Helgheim Arnar [<mailto:Arnar.Helgheim@sekom.no>] <[mailto:\[mailto:Arnar.Helgheim@sekom.no\]](mailto:[mailto:Arnar.Helgheim@sekom.no])>
Sendt: 9. mai 2014 11:00
Til: Markvard Sunde
Emne: Stryn: Forvaltningsrevisjon og undersøking

Hei☺

Viser til kontrollutvalet sitt møte i går. Her er vedtaket knytt til forvaltningsrevisjon - bekymringsmeldingar i barnevernet - oppfølging (sak 18/14):

- 1. Kontrollutvalet tingar forvaltningsrevisjon om system for bekymringsmeldingar i barnevernet.*
- 2. Kontrollutvalet tingar ei undersøking om innhaldet i tala for brutto driftsutgifter til tiltak per barn med tiltak.*

Neste møte i Stryn sitt kontrollutval er planlagt 30.9.14. Eg reknar med at framlegg til prosjektplan er klar seinast 2 veker før dette møtet, slik at den kjem med på saklista.

Med helsing

Arnar Helgheim

Dagleg leiar

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for kontrollutvala i 15 kommunar:

Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen Gulen, Hyllestad, Hornindal, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Mobil: +47 975 81 418, Tlf arbeid: 57 61 27 84

arnar.helgheim@sekom.no <<mailto:arnar.helgheim@sekom.no>>

Hafstadvegen 42, Postboks 338, 6802 Førde

Til
Stryn kommune, kontrollutvalet

Undersøking av brutto driftsutgifter til tiltak per barn med tiltak

Viser til kontrollutvalet sitt vedtak i sak 18/2014, pkt 2,

«Kontrollutvalet tingar ei undersøking om innhaldet i tala for brutto driftsutgifter til tiltak per barn med tiltak».

Bakgrunnen for vedtaket var, slik eg forstår det, mitt skriv til kontrollutvalet om forvaltningsrevisjon av området barnevern der eg skreiv:

Eg har sett gjennom mottekne dokument. Opplysningane, som kjem fram av framlagt statistikk og dokumentasjon, bekreftar at kommunen har gode rutinar og er på bra nivå samanlikna med andre.

Det er likevel eit «avvik» i statistikken som eg finn grunn til å stille spørsmål ved:

I statistikken frå SSB framgår at «brutto driftsutgifter til tiltak per barn med tiltak» innan funksjonane 251 Barnevernstiltak i familien og 252 Barnevern utanfor familien er svært låge i Stryn:

År	Stryn	Eid	Gloppen	Vågsøy	S&Fj	Landet
2012	39314	204986	87597	183085	123945	123191
2013	68627	200086	101596	183458	103972	137247

No har eg kontrollert tala i statistikkbanken i SSB mot tala i avlagde rekneskap for kommunane. Det er tre tenesteområde som omfattar barnevern:

- «barnevernteneste» (generelt/ administrasjon)
- «barnevern i familien»
- «barnevern utanfor familien»

Etter nøye gjennomgang finn eg at det ikkje er så store variasjonar kommunane i mellom med omsyn til barnevernteneste generelt og barnevernstiltak i familien, men at skildnadane først og fremst kjem fram under tenesta barnevern utanfor familien.

Org.nr:
976 304 470

E-postadresse:
revisor@stryn.kommune.no

Kommune:
EID
GLOPPEN
HORNINDAL
SELJE
STRYN
VÅGSØY

Adresse:
Rådhusvegen 11
Grandavegen 9
Postboks 24

Tonningsgata 4
Postboks 294

6770 Nordfjordeid
6821 Sandane
6761 Hornindal
6740 Selje
6783 Stryn
6701 Måløy

Telefon:
57 88 58 87
57 00 92 64
57 87 98 08
97 99 04 26
57 87 48 18 -19
57 84 50 29

KOMMUNEREVISJONEN I NORDEFJORD

Eg har sett opp tala frå gjennomgangen av kommunerekneskapane for teneste «barnevern utanfor heimen» og tala frå SSB i ein tabell. Tala for Stryn er samanstillt med tilsvarende tal for Eid, Gloppen og Vågsøy:

	År 2013			
	Eid	Gloppen	Stryn	Vågsøy
TAL FRÅ KOMMUNANE SINE REKNESKAP				
(1000 kr)				
Eksklusiv finanstransaksjonar (artsgruppe 50)				
Tjeneste: 25200 BARNEVERN UTANFOR FAMILIEN				
10 Løn og sosiale utgifter	4 190	4 374	1 724	7 335
11 Utg-dekning fosterheimar, kursutg, oppg-pl ggj	1 747	1 142	520	2 351
12 Forbruksmateriell m.m.	269	-62		107
13 Kjøp av tenester frå staten	2 139	299	140	2129
14 Mva, overf til andre m.m.	864	758	413	307
Sum utgifter	9 209	6 511	2 797	12 229
TAL FRÅ STATISTISK SENTRALBYRÅ (SSB)				
H1. Konsern - Barnevern - nivå 3 (K) etter statistikkvariabel, tid og region				
Barn med omsorgstiltak i løpet av året	18	6	5	20
Barn som er plassert av b-vernet med tiltak (f 252	42	17	13	39

Eg kommenterer her tala for Stryn som viser

- at sum utgifter i rekneskapane bekreftar same uttrykk som vi hadde av SSB-tala for «driftsutgifter per barn», at sum til barnevern utanfor familien er svært låge i Stryn (2, 8 mill mot Eid – Gloppen - Vågsøy 6,5 - 12,2 mill)
- at låge driftsutgifter er resultat av
 - forholdsvis få omsorgstiltak
 - forholdsvis få barn er plassert utanfor heimen

Først og fremst det siste, at det er plassert forholdsvis få barn utanfor heimen, medverkar til låge kostnader.

Min konklusjon er at SSB-tala er rette, eller med andre ord; at KOSTRA-data er rett rapporterte.

Stryn, den 10.10.2014

Markvard Sunde
Revisjonssjef

SEKOM-sekretariat

Saksgang Stryn kontrollutval	Møtedato 05.11.2014	Saksnr 032/14
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-216	Arkivsaknr.: 14/273
---	-------------------------	-------------------------------

Orientering om rekneskapsrevisjon for 2014

Vedlegg:

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tek orienteringa frå Kommunerevisjonen i Nordfjord om rekneskapsrevisjonen for 2014 til vitande.

Saksutgreiing:

I kontrollutvalssak 013/10 Kontrollutvalsarbeid – tiltak, som står på oppfølgingslista, er eit av punkta i vedtaket som følgjer:

Kontrollutvalet ber Nordfjord kommunerevisjon om å orientere om status i revisjonsarbeidet kring finansrevisjon ein til to gonger i året. Vidare vil kontrollutvalet be Nordfjord kommunerevisjon om ei generell orientering om revisjonsarbeidet.

Etter § 6 i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar skal kontrollutvalet sjå til at årsrekneskapen vert revidert på ein betryggande måte. **Under dette halde seg orientert om revisjonsarbeidet** og sjå til at dette føregår i samsvar med dei vedtekter som følgjer av lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalet sin instruks eller avtale med revisor.

SEKOM-sekretariat har i den samanheng førespurt Kommunerevisjonen i Nordfjord om dei har høve til å orientering om status i revisjonsarbeidet kring finansrevisjonen på møtet 5. november. Revisjonssjef Markvard Sunde har i e-post datert 27.10.2014 sagt frå om at han kan orientere om rekneskapsrevisjonen for 2014 i dette møtet.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Stryn kontrollutval	Møtedato 05.11.2014	Saksnr 033/14
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-040	Arkivsaknr.: 14/243
---	-------------------------	-------------------------------

Oppfølgingsliste 5-2014

Vedlegg:

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

Saksutgreiing:

Status over saker som er handsama i kontrollutvalet og som utvalet skal følgje opp eller sjekke ut seinare.

Sak	Dato	Status
013/10 Kontrollutvalsarbeid - tiltak	25.11.2010	- Orientering frå rådmannen om drifta på dei ulike områda. - Tertialrapportar. - Tilsynsrapportar frå fylkesmannen og andre. - Revisor legg fram rapportar etter kvalitetskontrollar. - Revisjon orienterer om status i revisjonsarbeidet kring finansrevisjon og generell orientering om revisjonsarbeidet ein til to gonger i året.
021/12 Oppfølging kommunestyrevedtak 007/11 rekneskapar avslutta investeringsprosjekt – Økonomireglement Stryn kommune	14.6.2012 15.6.2012 30.9.2014	Vedtak: Kontrollutvalet ber om at kommunestyret sitt vedtak i sak 007/11 vert gjennomført. Sendt brev til kommunen. Sak 024/14 Orientering om arbeidet med økonomireglementet i Stryn kommune.
Forvaltningsrevisjon – Bekymringsmeldingar i barnevernet.	10.2.2014 7.4.2014 8.4.2014 8.5.2014 9.5.2014 30.9.2014 1.10.2014 16.10.2014	Sak 06/14: Val av prosjekt. Sak 12/14: Tinga utreiing frå Kommunerevisjonen i Nordfjord E-post til kommunerevisjonen med vedtaket i sak 12/14. Sak 18/14: Tinging av forvaltningsrevisjonsprosjekt. E-post til kommunerevisjonen med vedtaket i sak 18/14, og frist for framlegg til prosjektplan. Sak 023/14 Prosjektplan godkjendt. Levering i oktober. Vedtak sendt Kommunerevisjonen i Nordfjord Fekk tilsendt forvaltningsrevisjonsrapport frå revisor.

025/14 Budsjett for kontrollutvalet i Stryn 2015	30.9.2014	Vedtak: Kontrollutvalet tilrår følgjande budsjett for drift av kontrollutvalet på teneste 11020:																		
		<table><tr><th>Konto</th><th></th><th>Budsjett 2015</th></tr><tr><td>108</td><td>Godtgjersle folkevalde</td><td>33 000</td></tr><tr><td>109</td><td>Arbeidsgjevaravgift</td><td>3 500</td></tr><tr><td>116</td><td>Køyregodtgjerlse</td><td>3 000</td></tr><tr><td>119</td><td>Kontingent</td><td>4 000</td></tr><tr><td></td><td>Sum drift</td><td>43 500</td></tr></table>	Konto		Budsjett 2015	108	Godtgjersle folkevalde	33 000	109	Arbeidsgjevaravgift	3 500	116	Køyregodtgjerlse	3 000	119	Kontingent	4 000		Sum drift	43 500
	Konto		Budsjett 2015																	
	108	Godtgjersle folkevalde	33 000																	
	109	Arbeidsgjevaravgift	3 500																	
	116	Køyregodtgjerlse	3 000																	
	119	Kontingent	4 000																	
	Sum drift	43 500																		
1.10.2014	Sendt Stryn kommune/kommunestyret.																			
027/14 Eventuelt	30.9.2014	Rådmannen skal vurdere om kontrollutvalet kan ta i bruk nettbrett.																		
	1.10.2014	Sendt e-post til rådmannen om dette, og ba om tilbakemelding før neste møte 5. november.																		
	27.10.2014	Ny e-post der ein ber om tilbakemelding.																		

SEKOM-sekretariat

Saksgang Stryn kontrollutval	Møtedato 05.11.2014	Saksnr 034/14
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 14/275
---	----------------------	-------------------------------

Eventuelt

Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).